

# Møteinkalling

---

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtestad:** Gjendebu  
**Dato:** 26.06.2013  
**Tidspunkt:** 17:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 948 80 564 eller 947 89 126.  
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Ivar Kvalen, Arild Ingar Lægreid og Frida Melvær har meldt forfall. Vara for alle er kalla inn, men dei har meldt forfall.



## Saksliste

<b>Utvals-saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>
ST 20/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 21/2013	Referatsaker		
RS	Rapport 2013 - Galdhøpiggenet	2011/3392	
RS	DNT Oslo og Omegn - Planlagt dugnadsarbeid på rutenettet 2013 - Torfinnsbu-Gjendebu	2012/7848	
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2013 - Tur mot Galdhøpiggen - IMDI Integrerings- og mangfoldsdirektoratet - Norges Røde Kors	2013/3787	
ST 22/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Disponering av ekstra tiltaksmidler og frie tiltaksmidler 2013	2012/7019	
ST 23/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon motorferdsel - Bruk av helikopter til filmopptak - Jotunheimen Reiseliv AS	2013/4021	
ST 24/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2013 - Persontransport til Fannaråken i samband med filminnspeling - NRK	2013/4141	
ST 25/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Etablering av midlertidig camp for filminnspelling - Monster Entertainment AS	2013/4142	
ST 26/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motbakkeløpet Galdhøpiggen opp 2013 - Aktiv i Lom SA	2013/4017	
ST 27/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon motorferdsel - Bruk av båt med større motor på Gjende under Besseggenløpet - Vågå Røde Kors Hjelpekorps	2013/4089	
ST 28/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Dispensasjon - 2013 - Etablering av basestasjon for nødnett på Galdhø - Site Service AS	2012/3325	
ST 29/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Brune skilt til nasjonalparken	2013/4143	

ST 21/2013 Referatsaker

Rapport 2013 - Galdhøpiggrengnet 2011/3392

DNT Oslo og Omegn - Planlagt dugnadsarbeid på rutenettet 2013 -

Torfinnsbu-Gjendebu 2012/7848

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2013 - Tur mot

Galdhøpiggen - IMDI Integrerings- og mangfoldsdirektoratet - Norges Røde

Kors 2013/3787

Arkivsaksnr: 2012/7019-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 20.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2013	26.06.2013

## **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Disponering av ekstra tiltaksmidlar og frie tiltaksmidlar 2013**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er tildelt 300 000,- i ekstra tiltaksmidlar for 2013. Nasjonalparkstyret prioritærer å bruke midlane til følgjande tiltak:

40 000,-	Skjøtselstiltak Gjendebuområdet	Frå bestillingsdialogen 2013
50 000,-	Skjøtselstiltak Utladalen	Frå bestillingsdialogen 2013
25 000,-	Vedlikehaldsarbeid med stinettet	Frå bestillingsdialogen 2013
50 000,-	Nytt steinarbeid i stinettet	Frå bestillingsdialogen 2013
40 000,-	Informasjonsarbeid ved Utladalen Naturhus	Frå bestillingsdialogen 2013
50 000,-	Felles bruprosjekt Blåtjønnæ	Nytt prosjekt
45 000,-	Tilretteleggingstiltak på Skåri i Utladalen	Nytt prosjekt

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioritærer å bruke dei resterande frie tiltaksmidlane på 140 000,- primært til informasjonstiltak (bildespill, turbrosjyre og merkesteinar). 20 000,- skal haldast att til oktober i tilfelle uføresette tiltaksutgifter gjennom sommarsesongen.

Sekretariatet får fullmakt til å foreta mindre interne justeringar mellom tiltaka, i samråd med SNO, dersom det viser seg at ein kan få innsparinger på enkelte prosjekt og behov for noko ekstra på andre postar. Styret får oppdatering på status i første møte

### **Saksopplysningar**

#### **Saksdokument**

1. e-post av 07.06.13 frå SNO om ekstra tildeling av midlar.
2. Sak 09/2013 frå møte i nasjonalparkstyret 25.04.13

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen behandla i sak 46/2012 den 07.11.12 innmelding av behov for tiltaksmidlar i 2013 gjennom bestillingsdialogen med SNO sentralt. Som bakgrunnsdokument til dette møtet var m.a. referat frå arbeidsmøte mellom nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO 15.10.12 og utarbeidd besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen. Bestillingsdialogmøte vart gjennomført 30. november 2012. Samla innmeldt behov vart på 2 070 000,-.

I tildelingsbrev frå Direktoratet for naturforvaltning vart det løyvd 1 320 000,- til tiltak i Jotunheimen og Utladalen gjennom bestillingsdialogen. I sak 09/2013 gjorde nasjonalparkstyret den 25.04.2013 ei prioritering av kva tiltak som vart løyvd midlar.

I e-post datert 07.06.2013 frå SNO sentralt vart det løyvd nye 300 000,- av restpotten knytt til bestillingsdialogen 2013 til tiltak i Jotunheimen og Utladalen. Den prioriterte bruken av desse midlane blir nå lagt fram for styret for behandling.

I samsvar med vedtak i sak 09/2013 vert det også lagt fram framlegg til disponering av dei resterande frie tiltaksmidlane på til saman 140 000,-.

## Vurdering

Tabellen viser innmeldt behov for tiltak november 2012, prioritering etter tildeling av midlar i mars 2013 og framlegg til fordeling av dei ekstra tiltaksmidlane:

Tiltak		Omsøkt for 2013	Fordeling 25.04.2013	Framlegg fordeling av ekstra midlar
<b>Skjøtsel</b>				
	<i>Skjøtsel Gjendebu</i>	70	<b>30'</b> (+tenestekjøp)	<b>40'</b>
	<i>Slått Gjendebu</i>	30	<b>30'</b>	
	<i>Skjøtsel Utladalen</i>	400	<b>350'</b>	<b>50'</b>
<b>Stiarbeid</b>				
	<i>Vedlikehald</i>	100	<b>100'</b>	<b>25'</b>
	<i>Nye tiltak</i>	250	<b>150'</b>	<b>50'</b>
	<i>MONA-prosjekt, restaurering sti</i>	50	<b>50'</b>	
<b>Informasjon/innfallsport</b>				
	<i>Standardisering eksisterande</i>	200	<b>0</b>	
	<i>Etablering av naturstiar (to)</i>	300	<b>200'</b>	
	<i>Vurdere og planlegge infrastruktur ved innfallsportane</i>	70	<b>0</b>	
	<i>Rollups til turisthyttene</i>	20	<b>20'</b>	
<b>Naturveggleiing</b>				
	<i>Naturrettleiing</i>	400	<b>150'</b>	
	<i>Informasjonsarbeid Naturhuset</i>	70	<b>30'</b>	<b>40'</b>
	<i>NP-festival</i>	20	<b>20'</b>	
<b>Ekstra oppsyn</b>				
	<i>Villrein Jotunheimen Vest</i>	10	(tenestekjøp)	
<b>Kartleggingsarbeid</b>				
	<i>Jaktfalk</i>	20	<b>20'</b>	

	Spetter	30	(tenestekjøp)	
	<i>Apollo-sommerfugl</i>	30	<b>30'</b>	
<b>SUM</b>		<b>2070'</b>	<b>1180'</b>	<b>205'</b>
	<i>Til eksterne prosjekt</i>			<b>95'</b>
	<i>Udisponert frie tiltaksmidlar</i>		<b>140'</b>	
	- <i>Biletspel</i>		30'	
	- <i>Minibrosjyre</i>		60'	
	- <i>Markeringssteinar</i>		50'	

Skjøtsel, informasjon og tilrettelegging/vedlikehald av stigar er dei store postane innan tiltaksmidlane. Utgangspunktet for det innmelde behovet var at dette var tiltak og prosjekt som ville vere positivt for verneområda Jotunheimen og Utladalen og at det var dette vi hadde ønskje om å gjennomføre i 2013. Når tildelinga vart mindre enn omsøkt måtte nasjonalparkstyret prioritere internt. Nokre av tiltaka klarte ein å dekke inn gjennom omdisponering av tenestekjøp, men fleire av tiltaka vart redusert.

Med dei ekstra tiltaksmidla, kan vi nærme oss ei fullfinansiering av fleire tiltak. Behovet for skjøtsel er fast kvart år og må følgjast opp. Med ekstra finansiering kan skjøtselstiltaka gjennomførast slik som planlagt hausten 2012. Skjøtselsplanen for Utladalen er i sluttfasen og den vil kunne legge enda meir faste rammer for skjøtselstiltaka i åra framover.

Stiarbeidet i Jotunheimen har gått over mange år og gitt positive resultat. Sjølv om bruk av stein gjev haldbare og varige trasear, skapar vatn og mykje trakk erosjon. Sekretariatet meiner det er viktig å ha fokus på vedlikehald og få oversikt over dette behovet. I tillegg er det viktig at det vert kontinuerleg arbeidd med å utbetre stinettet, både for å hindre naturskade og gje ei betre oppleveling for dei besøkande.

Informasjonsarbeidet er både utarbeiding av god informasjon som besøkande kan finne sjølve og gje direkte informasjon. Naturvegleiing er redusert og nå tilpassa ei sesongstilling. Dette er det lågaste nivået ein kan legge seg på om ein vil vidareføre dette tiltaket. Alternativt og/eller som eit supplement, kan eksisterande informasjonskanalar styrkast. Det er derfor framlegg om å bruke ekstra tiltaksmidlar til informasjonsarbeid som vert utført av stiftinga Utladalen Naturhus. Samtidig er det framlegg om å bruke hovuddelen av dei fri tiltaksmidlane til å utarbeid informasjon som kan brukast på turisthyttene. Dette vil både kunne gje informasjon til besøkande og kunne styrke næringsgrunnlaget for dei lokale reiselivsbedriftene.

Sidan prosessen med bestillingsdialogen for 2013 starta hausten 2012, har det kome søknad om støtte til to tiltaksprosjekt i verneområda; Bru over Blåtjønnåe og tilkomst til universelt utforma toalettanlegg ved Utladalen Naturhus.

Bru over Blåtjønnåe er eit felles tiltak av den lokale beitenæring og DNT. Den eksisterande bruva kan ikkje brukast av beitedyr dei er einige om å bygge ei felles større tradisjonell utleggsbru. Kostnadsoverslaget for bruva er 540 000,- og det vert søkt om 100 000,- frå nasjonalparkstyret. Framlegg frå sekretariatet er å sette av 50 000,- av dei ekstra tiltaksmidlane til dette prosjektet.

Utladalen Naturhus sitt anlegg på Skåri har dei siste åra utvikla seg gradvis. Betra vassanlegg, fiber og nå toalettanlegg gjev betre fasilitetar for besøkande og betre

tilbodet som besøkssenter. I tillegg er det planar om universell utforming av heile anlegget og ein musikkscene. Tiltaket vart behandla av nasjonalparkstyre på møte 22.08.2012. Det vert nå søkt om 50 000,- til tilkomsten opp i tunet på Skåri for å gjere anlegget universelt utforma. I 2012 løvvde nasjonalparkstyret 45 000,- til eit amfi ved Gjendesheim. Framlegg frå sekretariatet er å sette av tilsvarende sum, 45 000,- til dette prosjektet ved Naturhuset.

Ut frå den samla oversikten over prosjekt i 2013, er det eit framlegg frå sekretariatet å bruke det er att av nasjonalparkstyret sine frie tiltaksmidlar til informasjonsarbeid og markering. Tiltaka er gode prosjekt frå andre verneområde som har hatt gode erfaringar og som har gjeve gode resultat.

**Biletspel:** Ein biletserie med lydkulisser som viser heile verneområdet med variasjonar knytt til naturkvalitetar, årstider og aktivitetar. Det vart gjort eit tilsvarende arbeid i Rondane i samband med jubileet i fjar. Det meste av bilete har me tilgjengeleg, men noko må truleg supplerast. Kostnaden vert truleg mest knytt til å sette det saman på ein god måte og trykke CD-ar/lage minnepennar. Dette er i utgangspunktet tenkt som eit tilbod til turisthyttene o.l.

**Minibrosjyrar:** Mindre brosjyrar som viser både lokale naturkvalitetar og aktivitetstilbod i nærområdet. Utgangspunktet er turisthyttene og deira nærområde. Langsua nasjonalpark har laga tilsvarende produkt. Sekretariatet ønskjer å start opp med Memurubu og Avdal Gard som dei første i 2013. Dette er eit tiltak som bør utviklast vidare og utvidast seinare dersom produktet blir bra og tilbakemeldingane er gode.

**Merkesteinar:** Besøksstrategien omtalar markering av grenser og velkomsthelsing som eit positivt tiltak for å gje eit betre fyrsteinntrykk for besøkande. Rondane har nå fått produsert merkesteinar med nasjonalparklogo, « Velkommen til...» og løveskilt som skal settast ved innfallsportar. Jotunheimen og Utladalen bør prøve ut noko tilsvarende og sette opp nokre allereie i 2013. Dette kan ikkje brukast overalt, men bør vere knytt til hovudinnfallsportar. Dersom dette gjev gode resultat, bør dette prosjektet halde fram til neste år.

Det er usikkerheit knytt til kostnadane med informasjonsarbeid og det kan vere behov for intern omfordeling. Det er også usikkerheit for om det kjem uføresette kostnadar i løpet av sommaren. 20 000,- av potten til markeringssteinar bør derfor haldast att til oktober før det eventuelt kan brukast til dette prosjektet.

### Konklusjon

Med ekstra tildeling av tiltaksmidlar på 300 000,- er det mogleg å finansiere heilt opp fleire av tiltaka som var meld inn hausten 2012. I framlegg til fordeling er særleg skjøtsel og stiarbeid prioritert. I tillegg er gjort framlegg om å støtte to eksterne prosjekt med midlar.

Nasjonalparkstyret fekk tildel ein pott av frie tiltaksmidlar. Det vert gjort framlegg om å bruke dei resterande 140 000,- på informasjonsarbeid og markeringssteinar. For å kunne handtere uførutsette utgifter, bør det haldast att ein pott på 20 000,- til sesongen er over i verneområdet.

Arkivsaksnr: 2013/4021-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2013	26.06.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon motorferdsel - Bruk av helikopter til filmopptak - Jotunheimen Reiseliv AS****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Jotunheimen Reiseliv AS dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen for bruk av helikopter i samband med filmopptak. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for tidsrommet 16.-19. juli, men vert tilrådd gjennomført tidlegare om det let seg gjera.
- Filminga bør fortrinnsvis leggjast til vekedagane måndag-torsdag. Ved vanskelege værforhold kan fredag vera reservedag. Det er ikkje ønskeleg med flyging i helg.
- Omfanget av landing med helikopter innan nasjonalparken må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode opptak på ein effektiv måte. Landingsløyve gjeld for 2-3 lokalitetar som må avklarast med nasjonalparkforvaltar i samråd med SNO i god tid på førehand. Dette for å sikre lokalisering som ikkje medfører skade på dyre- og fugleliv eller er til vesentleg sjenanse for andre brukarar av parken. Galdhøpiggen skal ikkje nyttast som landingspunkt, av omsyn til at det er mange som brukar dette turmålet i midten av juli, slik at landing her kan opplevast som vesentleg ulempe for andre brukarar.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding seinast dagen før gjennomføring.
- Filmopptaka som skal brukast i marknadsføring skal berre vise aktivitetar som kan utøvast i nasjonalparken. Helikopteret skal ikkje vera noko element i filmane
- Gjeldande verneforskrift for nasjonalparken har ikkje forbod mot lågtflyging, men det blir tilrådd å avgrense dette mest mogleg av omsyn til friluftsliv og dyreliv i området.

## Saksopplysningar

### Saksdokument:

- Søknad av 14.06.13 fra Jotunheimen Reiseliv AS.

Leiaren i Jotunheimen Reiseliv AS skriv m.a. følgjande i søknaden:

*«Jotunheimen Reiseliv, Innovasjon Norge och Oppland Fylkeskommun planerar att under juli filma från helikopter. Filmen skall användas i internationell marknadsföring "world wide". Filmningen är, beroende på vädersituationen beräknad att ske någon av dagarna 16-17 juli, 17-18 juli eller 18-19 juli.»*

Det er sett opp utkast til «dreiebok» som viser aktuelle aktivitetar, med ulike typer statistgrupper

- Statistgruppe 1: Ungdomar 20-25 år
- Statistgruppe 2: familie 30-35 år med barn

Aktivitetane som er tenkt filma er skildra slik i søknaden:

- Sekvens: Vandring  
*«Jeg foreslår å filme oppover Bøverdalen, for og så ta veien opp Storjuvbrean på "baksiden" av Piggen. Flotte tinder på alle sider, en meget fint bre og en del svært få har fått perspektivet fra. Helikopteret kan så sveinge inn gjennom "Porten" mellom Galdhøpiggen og Vesle Galdhøpiggen og ned mot taulaget som er på tur opp. Dette hadde vært et knalltøft perspektiv! Etter at Piggen er "besteget", kan man legge en avstikker til Hurrungane for å få et bilde av den røffe/ekstreme og mer urørte siden av Jotunheimen. På vei tilbake kan man ta dalføret Gravdalen(frodigt dalføre) og opp retning Leirvassbu (Kyrkja blir da også dekket, en topp som har spesiell utforming)*
- Sekvens: Upplevelse mm.  
A) *Filmningen börjar i Fjellmuseet med Magny som guidar familjen genom museet.*  
B) *Familjen står vid Juvasshytta och vandrar till Istunneln där Dag Inge tar över guidningen. Filmning hela tiden*  
C) *Samma familj är på vandring till Galdhöpiggen*
- Sekvens: glaciärwandring.  
*D) Filmningen börjar på väg mot Spiterstulen där familjen instrueras och vandrar mot glaciären. Sekvensen fortsätter upp till glaciären där deltagarna säkras och går på glaciären tillsammans med guiden. Statisterna ses sedan vandra tillbaka mot Spiterstulen där en "avslutning" med något att dricka sker.*
- Sekvens: Avslutning.  
E) *Filmningen avslutas i Lom centrum*

De går ikkje fram av søknaden kvar det kan vera aktuelt med landing, og søkjær er beden om å spesifisere aktuelle lokalitetar.

Eventuell landing krev også behandling i dei aktuelle kommunane (Lom og eventuelt Luster), som forvaltningsstyresmakt etter lov om motorferdsel med tilhøyrande forskrifter.

## Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set forbod mot motorferdsel, men med unntak for nokre formål, i tillegg til at forvaltningsstyretemakta kan vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

*«5.3.4. Køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.»*

5.3.4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett. Det er her ei breitt samarbeid mellom lokal reiselivslag, fylkeskommunen og Innovasjon Norge, og målet er ei målretta marknadsføring av området og av aktivitetane ein kan oppleve som gjest i området. Formålet med å produsere denne filmen er å vise naturkvalitetane i verneområdet og friluftslivsaktivitetar som er i tråd med verneformålet. Påverknaden av helikopteret er i hovudsak støy og i eit avgrensa tidsrom. Ved å unngå dei mest sårbare lokalitetane, vil påverknaden på verneverdiene ikkje vere nemneverdig.

Filmsnuttar som viser mangfold av aktivitetar i og utanfor Jotunheimen vil ha svært stor marknadsføringsverdi for lokalt og regionalt reiseliv, og kan bidra til å styrke næringslivet i ein region prega av nedgang i folketalet. Jotunheimen framstår som eit flaggskip i det lokale reiselivet som i stor grad er basert på naturopplevelingar, og ein kan vanskeleg få like stort gjennomslag om filmninga må avgrensast til område utanom parken. Tiltaket vert vurdert å ha stor næringsmessig verdi for lokalsamfunnet.

Gjeldande forskrift for Jotunheimen nasjonalpark regulerer ikkje lågtflyging, berre landing. Denne forskriften er nå under revisjon, og i den nye reviderte forskriften vil lågtflyging truleg bli regulert, men per i dag treng ein ikkje løyve etter verneforskrifta for filming frå helikopter. Dette blir berre nødvendig ved landing.

Meirbelastninga ved landing er moderate, når det uansett kan drivast lågtflyging slik vernereglane er i dag, men både samla omfang og landing bør avgrensast til eit minimum. Dette særleg fordi filmninga er planlagt i midten av juli; ei tid med stor utfart. Det vil for mange opplevast som svært forstyrrende med motorlyd over hovudet i ein nasjonalpark, der ein forventar å kunne oppleve natur og stillheit. Landing bør fortrinnsvis skje utanom verneområde.

## Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt bra. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom, og det er i første rekke dyre- og fuglelivet og omsynet til andre brukarar som er aktuelt. Omsyn til sårbare lokalitetar kan ikkje vurderast nærmare før ein får oversikt på lokalitetane som er tenkt nyttar.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men ein kjenner området såpass godt at ein ikkje ser fare for vesentlege uføresette konsekvensar.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Prosjektet er knytt til ei spesiell kampanje med forankring i det lokale reiselivet og sterke samarbeidspartar regionalt og nasjonalt, slik at ein vanskeleg kan sjå at ein dispensasjon her vil skape presedens. Dette kan ikkje samanliknast med vanleg reklamefilming, da det vil vise breidda i opplevelingar framfor enkeltaktørar. Ein ser derfor ikkje for seg at det vil oppstå mange saker av liknande karakter.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er lite relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Alternativet til landing med helikopter er å bera opp utstyr til fots, men lågtflyging vil vera heilt nødvendig for å vise fram det som er skissert i prosjektet og for å få ein effektiv produksjon med høg kvalitet på opptak. Tiltaket vil ikkje setja varige spor, men vil gje noko støy i eit avgrensa tidsrom.

## Konklusjon:

Filminga bør berre formidle aktivitetar som kan drivast innan rammene for verneforskrift og verneformål, og føremålet blir da ikkje vurdert å vera i strid med intensjonane for vernet. Filmopptaka kan profilere nasjonalparken på ein positiv måte. For eventuell landing må ein fortrinnsvis prøve å finne lokalitet utanom verneområde. Landing innanfor parken kan berre skje på eigna lokalitet der det ikkje er til skade for dyreliv eller andre brukargrupper. Landing på Galdhøpiggen blir ikkje tilrådd, da det kan vera stor utfart og mange som blir uroa når gjennomføringa er planlagt til siste halvdel av juli.

Arkivsaksnr: 2013/4141-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 20.06.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2013	26.06.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2013 - Persontransport til  
Fannaråken i samband med filminnspeling - NRK****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i Naturmangfaldslova §48 løyve til NRK sin Naturreddaksjon å bruke helikopter for persontransport til Fannaråken i samband med formidling av historie knytt til den metrologiske målestasjonen der oppe. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 2 landingar på eigna stad på Fannaråken i august og september 2013.
- Seinast dagen før skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) varslast slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn, særleg villrein.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01. oktober.

**Saksopplysningar**Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 14.06.2013, frå NRK v/Ingrid Langeland Olderbakk.

## Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå juli 2008

## Bakgrunn for søknaden

NRK sin Naturreddaksjon skal spele inn ein serie kalla «Drømmeturen» som skal sendast i haust. Ein av turane går i Vest-Jotunheimen med Fannaråken som «finalen». Serien følgjer deltakarane på fottur i fem dagar og dei skal blant anna på Bøverbreen og Store Smørstabbtind i tillegg til Fannaråken.

Den 81 år gamle faren til den eine deltakaren budde og arbeidde på Fannaråken i 1955/56. Etter planen skal han fraktast opp med helikopter og møte si dotter der oppe og fortelje om sine opplevingar herifrå.

Opptaka er planlagt i perioden 15-17. august i år.

## Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I nasjonalparken er landing med luftfarty forbode (verneforskrifta §3 pkt. 5.1). Det er ikkje noko spesiell dispensasjonsregel for dette tiltaket. Søknaden må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking.»

I forvaltningsplanen er motorferdsel i samband med filming omtala: «*Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l.*»

## **Vurdering**

For å kunne gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova (§48), kan ikkje tiltaket stride mot verneformålet. Formålet med filmserien er å vise fjellandskapet i Vest-Jotunheimen og utøving av friluftsliv. Sjølv persontransporten til Fannaråken er knytt til kulturhistoria med bemanna metrologisk målestasjon og naturopplevelingane dette gav dei involverte. Filminga bygger under og viser verneformålet i nasjonalparken og transporten opp på Fannaråken er derfor ikkje i strid med verneformålet.

Den andre føresetnaden for å kunne gje løyve etter §48 i naturmangfaldslova er at tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Fannaråken er den høgast liggande turisthytta i Noreg på 2068 moh. Her er klima kaldt og vindutsett. Planter og fauna som lever her er spesialisert til dette miljøet og er i utgangspunktet ofte sårbarer. Det er likevel ikkje registrert sjeldne eller særlig utsette artar på Fannaråken. Området er ytterkanten av villreinområdet, men villreinen står ikkje i området som vert påverka av landinga av helikopteret. Friluftsliv er viktig på Fannaråken og motorferdsel vil kunne verke negativt på friluftslivopplevinga for andre som er på tur. Omfanget av transporten er avgrensa til inntil to turar og påverknaden vert dermed liten. Generelt er verneverdiane godt kjent for området (§8 i naturmangfaldslova). Sekretariatet vurderer derfor at tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter å ha vurdert om ein kan gje dispensasjon til omsøkt tiltak etter §48, skal forvaltninga skjønnsmessig vurdere om ein vil gje løyve. I utkast til forvaltningsplan er rammene for å gje løyve knytt til verneformålet og formidling av naturkvalitetane i Jotunheimen nasjonalpark. Denne serien viser både verneverdiane knytt til fjellandskapet med bre og fjell og knyt det saman med kulturhistoria på Fannaråken. Særleg koplinga mot naturopplevingane til tidlegare generasjonar som budde og arbeidde i verneområdet, vil kunne vise verneverdiane på ein god måte. Metrologiske målinger har ei lang historie her oppe, og formidlinga av dette gjev prosjektet eit heilt anna innhald enn om det berre hadde vore ei personleg historie med tur tilbake til gamle trakter. Opplegget skil seg derfor vesentleg frå dei meir generelle historiane om personar som ønskjer seg attende til ein plass dei har vore i yngre dagar.

For å unngå unødig påverknad av villreinen, vert det lagt vilkår om at naturoppsynet vert kontakta seinast dagen før flyging (føre-var-prinsippet i §9 i naturmangfaldslova). Då kan innflygingstrase eventuelt justerast. Helikopter er det einaste transportalternativet til Fannaråken på denne tida av året (§12 i naturmangfaldslova). Flyginga til Fannaråken er i hovudsak koncentrert til forsommaren i samband med transport av varer og proviant til turisthytta på Fannaråken. Det er ikkje ønskjeleg med helikopteraktivitet i høgsesongen og talet på landingar skal derfor vere låge i denne perioden. Det er ikkje kjent at det vil vere fleire landingar i perioden. Med inntil to landingar på ein dag, vert den samla belastninga vurdert som akseptabel (§10 i naturmangfaldslova).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.

Generelt skal ein vere forsiktig med å gje løyve til persontransport i verneområdet då dette vil kunne skape presedens. I dette tilfelle er det ikkje eit alternativ for personen å gå opp sjølv. Det er heller ikkje snakk om helikoptertransport slik at han skal kunne oppleve område att. Persontransporten er knytt til historia om den meteorologiske målestasjonen som filmprodusenten vil fortelje; ei historie om arbeid og naturopplevingar i verneområdet på tvers av generasjonar. Løyve skapar dermed ikkje presedens for persontransport generelt.

Arkivsaksnr: 2013/4142-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 20.06.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2013	26.06.2013

## **Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Etablering av midlertidig camp for filminnspelling - Monster Entertainment AS**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i Naturmangfaldslova §48 løyve til Monster Entertainment AS til å sette opp 2-3 mellombelse bygningar (naust/bodar/uthus) ved Våga på vestsida av Tyin. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygningane skal ikkje settast opp før etter 19. august 2013 (skulestart) for å unngå hovudsesongen for turgårarar.
- Motorisert transport av personar og varer skal skje med båt over Tyin.
- Bygningane skal plasserast på bakken med minst mogleg terrengtilpassingar (flytte einskildsteinar o.l.).
- Påverknaden på området skal vere minst mogleg (slitasje, flytting av steinar o.l.).
- Alt som vert frakta inn, skal fraktast ut at (søppel, byggematerial o.l.).
- Når innspelinga er avslutta, skal området tilbakeførast slik det var. Dvs. steinar o.l. skal leggast på plass att. Opprydding og tilbakeføring av området skal godkjennast av nasjonalparkforvaltar eller naturoppsyn før tiltakshavar reiser frå området og seinast innan utgangen av oktober 2013.

### **Saksopplysningar**

#### Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 06.06.2013, frå Monster Entertainment AS v/Rune Biseth.

#### Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå juli 2008

#### Bakgrunn for søknaden

Monster Entertainment AS planlegg å spele inn ein serie kalla «Den siste viking» som skal sendast som 20 episodar på ein time kvar. 18-20 deltagarar skal leve og bu som vikingar og konkurrere om å bli den siste som er att (ein og ein skal sendast heim).

Det er planlagt å etablere midlertidige vikingleirer (kulisser) på nokre utvalde punkt rundt Tyin i Vang kommune. For kvar leir vil det bli bygd opp to stadar (for to lag) med to-tre naust/bodar/uthus. Transport er planlagt med helikopter og båt. Innspeling er planlagt frå ca. 01. september til ca. 15. oktober i år. Riggperioden vil vere i forkant av dette. Ein av vikingleirane er planlagt på vestsida av Tyin i bukta Våga, søraust for Trollsjøen. Vesttsida av Tyin er grensa for Utladalen landskapsvernområde og denne campen ligg innanfor.

#### Heime!

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er det forbode å oppføre bygningar, også midlertidige (verneforskrifta IV, pkt. 2). Det er ikkje noko spesiell dispensasjonsregel for dette tiltaket. Søknaden må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettinga av Utladalen landskapsvernområde er «å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, jakt og fiske.»

I forvaltningsplanen er motorferdsel i samband med filming omtala: «*Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l.*». Sjølve filming med kulisser og liknande er ikkje omtala i forvaltningsplanen.

#### **Vurdering**

For å kunne gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova (§48), kan ikkje tiltaket stride mot verneformålet. Denne filmserien er i utgangspunktet ikkje fokusert på området og verneområdet. Filmserien skal vise folk som skal fungere

som om dei var i ein slags viking-situasjon. Då er landskapet rundt Tyin eigna ved at det er barskt og utfordrande. I følgje produksjonsselskapet det ikkje andre eigna plasseringar for denne tredje campen i området. Ei viktig vurdering er gjennomføring av logistikken under innspelinga. At området også er utan særleg tilrettelegging er også vesentleg. Landskapet og naturforholda vil bli formidla gjennom deira aktivitet. På grunn av at det ikkje er behov for motorferdsel, er det det oppføring av dei mellombelse bygningane som skal vurderast i forhold til verneformålet. Bygningane er mellombelse og påverknaden på landskapet vert dermed også mellombelse og derfor vurderer sekretariatet at tiltaket ikkje er i strid med verneformålet for landskapsvernombrådet.

Den andre føresetnaden for å kunne gje løyve etter §48 i naturmangfaldslova er at tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Tiltaket omfattar etablering av 2-3 mindre mellombelse bygningar ved grensa til verneområdet. Desse vil truleg bli ståande i minst 2 månadar (1,5 månad innspeling pluss rigging og opprydding). Tidpunktet er om lag frå andre halvdel av august til ut oktober. Dette er utanfor hovudsesongen for besökande til området. Campen innanfor verneområdet er planlagt i ein del av verneområde som er mindre brukt og vil vere lite synleg frå vegen på vestsida av vatnet. Det er ikkje registrert sjeldne eller særleg utsette artar i nærleiken av tiltaksområdet. Friluftsliv er viktig i verneområdet, men dette er ein del av verneområdet som er lite brukt. Generelt er verneverdiane godt kjent for området (§8 i naturmangfaldslova). Sekretariatet vurderer derfor at tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter å ha vurdert om ein kan gje dispensasjon til omsøkt tiltak etter §48, skal forvaltninga skjønnsmessig vurdere om ein vil gje løyve. I utkast til forvaltningsplan er rammene for å gje løyve knytt til verneformålet og formidling av naturkvalitetane i Utladalen landskapsvernombråde. Denne serien vil vise landskapet og naturen i området utan at dette hovudformålet med serien. Campen som er planlagt inne i verneområdet er ein av tre rundt Tyin og ligg heilt mot vernegrensa. Det vil sei at store deler av innspelinga truleg vil vere utanfor verneområdet. At innspelinga er lagt utanom hovudsesongen for friluftsliv og utanom den mest sårbare tida for fauna er også positivt. Bygningane er mellombelse og med vilkår om opprydding vert påverknaden på verneverdiane bagatellmessige.

Det er eit stort apparat og mange folk som skal inn i området i innspelingstida. I campen ved Våga er det særleg viktig at ein unngår unødig slitasje og terrengsår. Det er også viktig at bygningane som skal settast opp blir sett opp på bakken utan graving og endringar av terrenget. For å unngå unødig påverknad på landskapet vert det lagt vilkår om forsiktig framferd og å minimering av tilpassingane for å få opp dei mellombelse bygningane. Vilkår om opprydding er heilt sentralt for å sikre føre-var-prinsippet (§9 i naturmangfaldslova). Etter §12 i naturmangfaldslova skal miljøforsvarlege teknikar og driftsmetodar vurderast. Båttransport er ein skånsam og eigna måte å transportere både personell og naudsynte varer til campen. Det vert derfor ikkje vurdert som naudsynt med helikoptertransport.

I § 11 i naturmangfaldslova heiter det at: «*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter*». For dette tiltaket er det særleg landskapsmessige verdiar som kan bli påverka dersom tiltaket ikkje vert gjennomført på ein skånsam måte. Det er derfor lagt inn vilkår om opprydding av innspelingsområde etter at innspelinga er gjennomført. Oppryddinga skal godkjennast av nasjonalparkforvaltar eller naturoppsyn før tiltakshavar reiser frå staden. Opprydding

inkluderer uttransport av alt som er teke inn og tilbakeføring av området (tilbakelegging av stein o.l.).

Forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen omtalar motorferdsel i samband med filminnspeling i verneområdet. Denne saka er spesiell ved at filminga ikkje treng motortransport i verneområdet. Løyvet gjeld oppføring av mellombelse anlegg som kulissar. Sekretariatet kan ikkje sjå at dette kan skape presedens for andre saker knytt til filmproduksjon då desse vanlegvis vil ha behov for ei omfattande organisering av logistikk.

Arkivsaksnr: 2013/4017-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.06.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	26/2013	26.06.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motbakkeløpet  
Galdhøpiggen opp 2013 - Aktiv i Lom SA****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt 6.1 blir det gjeve løyve til å arrangere motbakkeløpet frå Spiterstulen og opp til Galdhøpiggen den 29. juni 2013.

Løyvet er gjeve på desse vilkåra:

- Deltakaravgrensing blir sett til 300.
- Arrangementet skal gjennomførast på ein dag, inklusive opprydding.
- Målområdet skal vera eit stykke nedanfor toppunktet på Galdhøpiggen, slik det var i frå starten i 2009.
- Merking skal avgrensast til det mest naudsynte.
- Traseen skal ryddast same dag som løpet blir gjennomført.
- Speakerteneste i målområdet mot toppen skal avgrensast til ein oppsummerande gjennomgang av resultatlista.
- Sko med metallpiggar er forbode (i tråd med arrangørens eige regelverk).
- Det er ikkje tillate med bruk av motorkjøretøy innafor verneområdet i samband med arrangementet.
- Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i eit verna område og kva reglar som gjeld i nasjonalparken.

Det skal sendast ein kortfatta rapport frå arrangementet til forvaltar innan 1. august 2013.

På bakgrunn av erfaringar med løpet frå starten i 2009 og til i dag, må det drøftast i forvaltningsplanen kva rammer ein ønskjer for denne type arrangement i nasjonalparken i framtida.

## Saksopplysningar

### Saksdokument:

1. Søknad/e-post av 13.06.13 frå Aktiv i Lom SA v/ Ronny Nestvold
2. Tidlegare løyve og rapportar

### Søknaden:

«*Galdhøpiggen opp ble arrangert for tredje gang 9. Juli 2011. Vi har hatt opp til 70 deltagere, men i 2012 vart det dessverre dårlig vær, så delgareantallet ble ikke men 30. Vi har tidligere hatt et tak på 300 deltagere, og det tror jeg nok også vil holde for 2013, der vi har et mål på 120 deltagere. Vi søker med dette om og få arrangere den 29. juni 2013 med samme antall deltagere (300) i 2013 som i tidligere år.*

*Vi merker løypen med enkle merkeband dagen før arrangementet, sammen med et lite skilt for hver 100 høydemeter. Målgangen settes på kanten nedenfor piggehytten, slik at vi ikke drar folket helt opp til toppen. Ved start settes det opp noen bannere, og et lite lydanlegg for speaker. All merking og alt utstyr blir plukket ned så snart arrangementet er ferdig samme dag. Dersom dere ønsker mer informasjon, kan dere bare ta kontakta oss. Håper dere kan gi oss et positivt svar på dette.»*

### Heimel

Verneforskrift og forvaltningsplan set rammer for aktivitetar innan verneområdet.

Verneforskrifta § 3 pkt. 6.1:

«*Bruk av nasjonalparken i samband med større treningsopplegg, øvingar, jaktprøvar m.m. kan berre skje etter godkjenning frå forvalningsstyremakta.»*

Ein må ta stilling til om arrangementet vil koma i konflikt med vernereglane eller verneformålet. Formålsparagrafen § 2 har følgjande ordlyd:

«*Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

I forvaltningsplanen som er sendt Direktoratet for naturforvaltning for endeleg godkjenning, er det eit mål å vidareføre arrangementa som har hatt tradisjon i nasjonalparken på visse vilkår. Eit forsøk med motbakkeløp mot Galdhøpiggen er nemnt som eit arrangement under utprøving.

## Vurdering

Motbakkeløpet Galdhøpiggen Opp vart arrangert første gong den 4. juli 2009. Løpet vart ikkje særleg marknadsført i 2009, da dette var eit år for uttesting som samla 35 deltarar. Det har seinare vore eit årleg arrangement, og deltagartalet har vore godt under øvre grense på 300.

Fylkesmannen bad i samband med søknaden for 2008 om uttale frå tilsynsutvalet (løpet vart da ikkje gjennomført). Følgjande går fram av uttalen frå tilsynsutvalet av 8. mai 2008:

«*Uttale frå tilsynsutvalet:*

*Tilsynsutvalet meiner at dette er eit arrangement som kan få eit såpass stort omfang at det burde ha kome innspel om og vore drøfta i tilknyting til revideringa av forvaltningsplanen.*

*Behandling av enkeltsøknader som dette utan å ta ein prinsippdiskusjon om det er ynskjeleg med slike arrangement, og i tilfelle kva for område dette skal leggjast til, meiner tilsynsutvalet er uheldig. Tilsynsutvalet meiner likevel at det på visse vilkår bør gjevast løyve til arrangementet, da løpet går i ei brukssone av parken og det vil vera lite konfliktfylt i høve til vernet. Det bør setjast vilkår om at løpet skal avviklast i løpet av ein dag, at rydding av søppel og utstyr/merking i tilknyting til løpet skal fjernast att like etter avslutta konkurransen. Vidare bør målområdet leggjast til eit stykke nedanfor sjølve topp-punktet, og speakertenesta her må avgrensast berre til det mest nødvendige. Arrangøren og deltakarane må ta omsyn til den ordinære trafikken i området, og i startområdet må det informerast om at det pågår bakkeløp i turruta opp mot toppen. Løyvet bør gjerast gjeldande berre for eitt år.*

*Samrøystes.»*

Planlagt gjennomføring:

- Dagen før løpet vert traseen merka med merkeband og skilt for kvar 100 høgdemeter. Vatn til drikkepostane blir fordelt.
- Start ved Spiterstulen. Ruta følgjer den vanlege turstien med målgang eit stykke nedanfor hytta på Piggen.
- Merking, flasker og søppel skal fjernast frå traseen rett etter at løpet er over.

Deltakartalet har variert frå 30 til 70. Det er ikkje registrert tilbakemelding om slitasje eller problem i høve til andre brukarar av nasjonalparken som følgje av løpet. Området løpet går i er ein brukssone i nasjonalparken, der retningslinene i forvaltningsplanen opnar for meir bruk og tilrettelegging enn i vernesonene. Vi meiner at eit slikt arrangement i nasjonalparken har mykje positivt ved at deltakarane også er på tur i området, gjev marknadsføring av verneområdet og i høve til lokalt reiseliv. Ulemper kan vere knytt til uro, slitasje og støy (t.d. speakerteneste). Folk som er på Galdhøpiggen kan oppfatte eit idrettsarrangement med målgang nær turmålet som eit framandelement i nasjonalparken, og speakertenesta bør derfor avgrensast til eit minimum.

Ferdsla i området aukar mykje utover i juli og august, og forvaltar ser det som positivt at arrangementet vert avvikla i juni eller heilt i starten av juli for å unngå den delen av sommaren med høgast utfart. Det er likevel framleis på ei tid med ein del utfart. Fjellvandrarar som følgjer ruta frå Spiterstulen kan nok oppleve løpet som eit uromoment på turen, og ut i frå dette vil ein fortsatt avgrense talet på deltakarar, og vurdere det nærmere ved revisjon av forvaltningsplanen.

Det er viktig å ikkje overdrive merkinga. Sidan løpet skal gå langs eksisterande merka rute, vil det vera relativt lite behov for merking ut over høgdemeterskilta. Som for andre arrangement vil det bli stilt krav om opprydding same dag. Det vil og vere eit krav at målområdet er eit godt stykke nedanfor toppunktet på Galdhøpiggen, og at speakerteneste her blir avgrensa til å ta klassevinnarane i mål og gje ei kort oppsummering av resultatlista. Dette ut i frå at dei fleste som er på tur på Galdhøpiggen har ein lengre rast på toppen, og at det er lite ønskjeleg med unødig forstyrring overfor dei som brukar nasjonalparken til enkle friluftsaktivitetar.

#### Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

**§ 8. (kunnskapsgrunnlaget):** Arrangementet er lagt til ein brukssone, langs merka stig med ein god del ferdsel i høgsesongen. Naturmangfaldet blir i liten eller ingen grad påverka av at inntil 300 personar ekstra tek seg opp mot Galdhøpiggen etter den faste

ruta. Omsyn ein må ta er først og fremst i høve til det enkle friluftslivet, da brukarundersøking viser at ein relativt stor andel utøvarar av det enkle friluftslivet noko skeptiske til idrettsarrangement i verneområdet, jf FM-rapport 7/2011.

**§ 9. (*føre-var-prinsippet*):** Det er her tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader arrangementet kan ha for naturmiljøet, og føre-var-prinsippet gjer seg ikkje gjeldande. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet, jf. § 8.

**§ 10. (*økosystemtilnærming og samlet belastning*):** Den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for endrar seg lite av at nokre fleire enn dei som nyttar seg av allemannsretten tek seg opp langs den merka stien.

**§ 11. (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*):** Tiltakshavar skal rydde straks etter at arrangementet er over.

**§ 12. (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*):** Arrangementet er planlagt gjennomført utan bruk av motorisert transport, og er lagt til juni – før trafikken mot Galdhøpiggen tek seg opp for fullt.

### **Konklusjon:**

Ut i frå ein totalvurdering i høve til verneformålet, erfaringar gjort i åra frå og med 2009, andre brukargrupper og mål om verdiskaping knytt til verneområda, kan løyvet for motbakkeløp til Galdhøpiggen fornyast i 2013. Det bør vurderast nærmere ved revisjon av forvaltningsplanen.

Arkivsaksnr: 2013/4089-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	27/2013	26.06.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon motorferdsel - Bruk av båt med større motor på Gjende under Besseggløpet - Vågå Røde Kors Hjelpekorps****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Vågå Røde Kors Hjelpekorps dispensasjon for å bruke eigen båt med 40 hk motor på Gjende i samband med bistand til arrangement av Besseggløpet 29. juni 2013. Tiltaket er vurdert etter verneforskrift, forvaltningsplan og naturmangfaldlova.

Det blir sett følgjande vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for inntil 3 turar på strekninga mellom Gjendebrygga og Memurubu, for frakt av utstyr og personell for gjennomføring av Besseggløpet.
- Kjøringa skal skje omsynsfullt, slik at ein unngår skader eller ulemper i høve til naturmiljøet og andre brukarar av området.
- Farten skal tilpassast det som er normal båtbruk på vatnet med motorstorleik 10 hk.
- Henting av personar langs stranda mellom Memurubu og Gjende kan berre skje i den grad det er nødvendig av omsyn til helsetilstanden til personane dette gjeld, slik at det kjem inn under det generelle unntaket som følgjer av verneforskrifta § 3 pkt 5.1 om redningsteneste.
- Løyvet kan etter melding om behov til nasjonalparkforvaltar utvidast til utgangen av gjeldande dispensasjonsperiode for Besseggløpet (2012-2014).

**Saksopplysningar**Saksdokument:

1. Søknad frå Vågå Røde Kors Hjelpekorps oversendt frå Vågå kommune ved e-post av 19.06.13

## 2. Løyve til arrangement av Besseggeløpet for perioden 2010-2014

### Søknaden:

«Vågå Røde Kors Hjelpekorps skal som tidligere år være med å arrangere Besseggenløpet, dette blir den 29. juni. I den forbindelse søker vi om å få bruke egen båt med 40hk motor mellom Gjendebrøygga og Memurubu. Båten er den samme som vi har bukt tidligere år og den er uniformert med røde kors logo. Behov for større båt kommer av frakt av personell og utstyr som skal på plass i Memurubu og i løypa før løpet starter. Dette må skje før rutebåten går. Utover dette har vi behov for å ha de samme mannskapene i målområdet snarest etter at eliteklassen har startet. Vi ser for oss opptil tre turer tur-retur Memurubu. Evt. henteoppdrag langs stranda kan tilkomme da det er en av løypemulighetene. Båten vil begrense farten til det som er normalt (10hk) på vatnet.»

### Heimel:

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set forbod mot motorferdsel. Det er gjeve unntak for ein del definerte formål, men bruk av større båt under arrangement inngår ikkje her. Forvaltningsstyremakta kan i medhald av pkt 5.3.4. gje løyve til «*Køyring i andre naud-synte tilfelle der særlege grunnar ligg føre*». Den generelle dispensasjonsadgangen i pkt. 5.3.4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48.

### **Vurdering**

§ 48 i naturmangfaldlova om dispensasjon frå vernevedtak opnar for at forvaltningsstyresmakta «*kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Eit arrangement som Besseggeløpet har mykje positivt ved at deltakarane også er på tur, bidrar til marknadsføring av nasjonalparken og kan gje positive ringverknader i høve til lokalt reiseliv. Det vert vurdert at tiltaket ikkje er i strid med verneformålet. Ulempar kan vere knytt til uro, slitasje og støy. Folk som går tur i området kan oppfatte eit idrettsarrangement med tilhøyrande tilrettelegging som båttransport m.m. som eit framandelement i verneområdet, og transporten bør avgrensast til eit minimum. Farten må ikkje vera over nivået ved bruk av båt med motorstørleik 10 hk som er normen for ferdsel på Gjende. Med desse vilkåra vert det vurdert at tiltaket ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Terskelen for bruk av § 48 skal vera høg. Hjelpekorpsset oppgjev praktiske grunnar for å nytte eigen båt; den er uniformert, har stor kapasitet for frakt av personell og utstyr og gjev rom for rask og effektiv utføring av oppdrag knytt til arrangementet. Dei er vidare innstilt på å tilpasse farten til det som er normalt ved bruk av 10 hk motor, som er grensa for øvrig bruk av motorbåt utanom Gjendebrøygga. Det er ein fordel at båten er uniformert og at den er tilgjengeleg for eventuelt behov for redningsberedskap under arrangementet, og med avpassa fart vil det vera klart større fordelar enn ulempar ved å dispensere frå øvre grense for motorstørleik.

I søknaden er behovet oppgjeve til frakt av personell og utstyr inntil 3 turar på strekninga Gjendesheim – Memurubu. I tillegg viser dei til at «*henteoppdrag langs stranda kan tilkomme da det er en av løypemulighetene*». Forvaltar legg til grunn at

dette berre vil gjelde transport som er nødvendig av omsyn til helsetilstanden til personane dette gjeld, slik at det kjem inn under det generelle unntaket som følgjer av verneforskrifta § 3 pkt 5.1 om redningsteneste: «*Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unntake til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.*»

Ein legg til grunn at deltakarane skal ta seg fram ved eige hjelp, og det blir ikkje gjeve løyve til persontransport ut over transport av mannskap for gjennomføring av arrangementet.

Eventuelt behov for redningsteneste er omfatta av eigne reglar.

#### Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

**§ 8. (kunnskapsgrunnlaget):** Arrangementet er lagt til ein brukssone, og det er opna for ein del båttransport på Gjende i utgangspunktet. Naturmangfaldet blir i liten eller ingen grad påverka av at hjelpekorpset denne eine dagen nyttar større båt med større motor, men føraren må ta særskild omsyn til andre som ferdast på eller langs vatnet. Ved kjøring langs land skal farten haldast på lågt nivå for å dempe bølgjer som slår mot stranda pga fare for utvasking i strandsonen. Det er viktig å ta omsyn til turfolk i området, da brukarundersøking viser at ein relativt stor del av dei som utøver det enkle friluftslivet er noko skeptiske til idrettsarrangement i verneområdet, jf FM-rapport 7/2011.

**§ 9. (føre-var-prinsippet):** Det er her tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader tiltaket kan ha for naturmiljøet, og føre-var-prinsippet gjer seg ikkje gjeldande. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet, jf. § 8.

**§ 10. (økosystemtilnærring og samlet belastning):** Den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for endrar seg lite ved bruk av større motor, så lenge farten vert avpassa til det som er vanleg ved bruk av 10 hk motor.

**§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver):** Ikkje relevant.

**§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder):** Farten må tilpassast det som er normalt ved bruk av motorstorleik 10 hk så lenge båten ikkje er under utrykking for sjuketransport/skadetransport.

#### **Konklusjon:**

Ut i frå ein totalvurdering i høve til verneformålet, andre brukargrupper og mål om verdiskaping knytt til verneområda, kan ein godta ei praktisk tilpassing i form av at Vågå Røde Kors Hjelpekorps nyttar eigen båt med motorstorleik 40 hk for transport av personell og utstyr under Besseggløpet den 29. juni 2013. Løyvet bør ved behov kunne utvidast til utgangen av gjeldande dispensasjonsperiode for Besseggløpet (2012-2014).

Arkivsaksnr: 2012/3325-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	28/2013	26.06.2013

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Dispensasjon -  
2013 - Etablering av basestasjon for nødnett på Galdhøe - Site  
Service AS****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Site Service AS dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for bygging av basestasjon på Galdhøe, slik det går fram av søknad av 22.04.13, men med ei justering av lokaliteten vestover, slik det blir tilrådd frå Lom kommune ved vedtak i formannskapet 20.06.2013.

Vilkår for gjennomføring av utbygginga følgjer av søknaden med vedlegg, og nasjonalparkstyret sluttar seg til vilkår sett ved behandlinga i Lom kommune.

SNO skal varslast om gjennomføring, seinast dagen før helikoptertransport.

**Saksopplysningar**Saksdokument

1. Søknad av 23.04.13 frå Site Service om
2. Vedlegg til søknaden, teikningar og faktahefte
3. Behandling av søknaden i Lom formannskap 20.06.13
4. Retningslinjer ved behandling av søknader om utbygging av Nødnett i verneområdene» utgitt av Miljøverndepartementet 14.11.2012
5. Verneforskrift og forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark

Om søknaden

Site Service AS har søkt Lom kommune om dispensasjon frå reguleringsplan for Juvasshø – Juvasshytta – Galdhøpiggen Sommerskisenter for oppføring av

basestasjon for Nødnett på Galdhøe. Plasseringa er gjort ut frå vurdering av dekning og ut ifrå ønske om å legge slike installasjonar utanom verneområde så langt det er praktisk mogleg. Nasjonalparkstyret er orientert ved nabovarsel til nasjonalparken.

Ved behandling i kommunen har det kome fram at denne plasseringa kan aksepterast, men at ei miljømessig betre løysing vil vera å trekke stasjonen vestover for å unngå ureining av drikkevatn ved eventuelle uhell ved dieseltank. Dette medfører at stasjonen kjem rett innan grensa for nasjonalparken. Vedtaket i kommunen har slik ordlyd:

*«I medhald av plan- og bygningslova kapittel 19 gjev Lom kommune dispensasjon frå føresegnene til reguleringsplan for Juvasshø – Juvasshytta – Galdhøpiggen Sommerskisenter for oppføring av basestasjon for Nødnett på Galdhøe. Dispensasjon blir gjeve på bakgrunn av at samfunnsinteressene ved å få etablert ei tilfredstillande dekning for nødnett i området er svært store. Fordelene ved å gje dispensasjon er derfor klart større enn ulempene.*

*For å redusere risikoen for forureining av Juvvatnet som drikkevasskjelde for turistbedriftene i området ber Lom kommune om at plasseringa av basestasjonen blir flytta 100-120m vestover, slik at ein eventuell diesellekkasje ikkje vil drenere mot Juvvatnet. Søknaden må da behandlast av nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.*

*Om dette ikkje er gjennomførbart av radiotekniske eller andre årsaker blir ei plassering som omsøkt godkjent som subsidiær løysing.*

*I begge tilfella blir det sett som vilkår for dispensasjon at basestasjonen blir utstyrt med tett spilltrau som har kapasitet til å romme all diesel/olje i tank og aggregat. Utbygging av stasjonen skal elles skje i samsvar med søknaden.*

*Søknaden er vurdert etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av naturmangfaldlova § 8-12.»*

Basestasjonen er planlagt plassert på nordryggen av Galdhøe, 2200 m.o.h. og om lag 100 m frå øvre mastepunkt på skitrekket til Galdhøpiggen Sommerskisenter på Vesljuvbreen, like inntil grensa for Jotunheimen nasjonalpark. Omtrentleg markert med pil på kartet under.



Det finst i dag ein mindre sambandsstasjon for politiet som er bygd saman med vendemasta for skitrekket, og med antennen montert i denne masta. Denne vil bli erstatta av Nødnett-stasjonen. Den planlagde basestasjonen består av to hytter samanbygd til ei eining med lengde 7 m, breidde 2,7 m og mønehøgde ca 3,2 m. Hyttene er vidare bygd saman med ei mast med høgde 12 m og firkanta tverrsnitt på ca 1 m. Masta vil bli kledd med trepanel utvendig på same måte som hyttene. På toppen av masta blir sjølve antennene montert, som består av fleire frittståande antenner/ rør med lengde 4 – 6,5 m, og i tillegg 2 stk. 60 cm parabolantennar. Tak- og veggflater på hytta og sideflater på masta vil bli meir eller mindre dekt av til saman 18 solcellepanel med størrelse 1,7 x 1 m.

Hyttene vil i tillegg til sjølve sendarutstyret innehalde batteribank, 8 kW dieselagggregat for straumforsyning og 1000 l dieseltank. Solcelleanlegget vil dekke opp til 50 % av straumbehovet, resten blir dekt av dieselagggregatet. Gangtid for aggregatet blir oppgjeve til ca 5 % av tida om sommaren/ ca 20 % av tida haust/ vinter. I følgje spesifikasjonane till aggregatet er støynivået lågt (66 dB ved 3 m avstand) og vil neppe virke vesentleg forstyrrende utanfor hytta.

Det er lagt ved søknaden to dekningskart som viser at omsøkt basestasjon på Galdhøe først og fremst vil forbetre dekninga på austsida av Visdalens, på Skautflye mot Glittertinden og ved Veobreen og Veotindan. I tillegg litt betre dekning ved Styggebreen og omkring Galdhøpiggen.

Kommuneadministrasjonen har vidare henta inn tilleggsopplysningar til søknaden:

«*Ei alternativ plassering av basestasjonen på Juvasshøe (1894 moh, 2,5 km mot NØ) vart spelt inn frå kommunen på eit tidlegare stadium i prosessen.*

*Bakgrunnen er at på Juvasshøe finst det fleire tekniske installasjonar frå før, m.a. ei 10 m mast for vindmåling. Eit mindre areal på toppen er regulert som område for offentleg og privat tenesteyting. Site Service har gjeve tilbakemelding om at denne plasseringa har vore vurdert, men oppfyller ikkje dei radiotekniske krava.»*

I saksframlegg til Lom formannskap heiter det vidare:

«*Omsøkt plassering ligg innanfor restriksjonsområde for drikkevatn i gjeldande reguleringsplan – Juvvatnet er einaste drikkevasskjelde for både Juvasshytta og Galdhøpiggen Sommerskisenter. Risikomoment ved aggregat/ diesellagring er derfor eit sentralt spørsmål. Ein diesellekkasje vil drenere ut på breen og vidare mot Juvvatnet (brekanten ligg ut i vatnet), og kan gjere vatnet ubrukbart som drikkevasskjelde for generasjonar framover. Dagens sendar som står ved øverste mast i skisenteret har straumforsyning (12 el. 24 V) via kabel lagt på mastene til skitrekket. Site Service opplyser at dei har vore i kontakt med Eidefoss AS, som ikkje kan levere 220V straum til toppen av skitrekket pga. belastning snø og vind kan medføre på kabel/ master. I så fall må Nødnett sjølv etablere og stå ansvarleg for straumforsyning.*

*Det kjem fram i svaret frå Site Service AS at basestasjonen blir utstyrt med dieseltank med doble veger og tett spilltrau under dieselagggregat/ tank for å unngå søl og lekkasje ved service og vedlikehald. Administrasjonssjefen finn det relevant å stille krav om at eit slikt spilltrau har så stor kapasitet at den kan romme all diesel og olje i tank/ aggregat – om ein større lekkasje skulle skje med full tank i anlegget. Eit spilltrau vil likevel ikkje ha effekt om basestasjonen/ hytta t.d. blir teken av vinden.*

*Straumforsyning med aggregat vil medføre ein del helikoptertransport, det er stipulert eit årsforbruk på 1750 liter og 2-3 helikoptertransportar av diesel årleg.*

*Med straumforsyning via nett/ kabel ville dette bli redusert til 1 årleg vedlikehald + eventuelle uforutsette reparasjoner.*

*Administrasjonen har stilt spørsmål ved om masta som er planlagt - 12 m høg, med panelte sideflater og til saman 11 solcellepanel på 1,7 x 1 m plassert langs mastekroppen, vil tåle dei ekstreme vindstyrkene den kan bli utsatt for. I følge Site Service vil konstruksjonen tåle dette.»*

## Vurdering

Nasjonalparkforvaltar legg til grunn at det her er nødvendig med ei samla miljømessig vurdering av tilrettelegginga – uavhengig av vernegrensene, jf vedtak i kommunen. Utbygging av nødnett har høg politisk prioritet, og kan på visse vilkår godkjennast også innan verneområde – jf retningsliner frå Miljøverndepartementet.

Den samfunnsmessige nytteverdien og konsekvensar for miljøet ved etablering av basestasjon for nødnett på Galdhøe (med plassering utanom vernegrensa) er grundig vurdert av Lom kommune, og nasjonalparkforvaltar sluttar seg til desse vurderingane:

*«Samfunnsinteressene ved å få etablert ei tilfredstillande dekning for nødnett i sentrale deler av Jotunheimen er svært store. Dei negative sidene ved den omsøkte installasjonen er det visuelle/ landskapsmessige, risikomomenta som lagring av opptil 1000 l diesel i nedslagsfeltet til Juv-vatnet medfører, og den auka helikoptertrafikken som spesielt transport av diesel vil medføre.*

*I kontakt med Site Service 13.06.2013 blir det opplyst at straumforsyning via nett/ kabel vil vere klart å føretrekkje sett frå utbyggar si side, men at det ikkje blir vurdert som eit reelt alternativ i dette tilfellet. Vidare blir det opplyst at det er heilt avgjerande for framdrifta i utbygginga av Nødnett i området at kommunen gjer vedtak i saka før sommarferien.*

*Etter ei samla vurdering er administrasjonssjefen si vurdering at dei positive samfunns-interessene er større enn dei uheldige konsekvensane for miljø og friluftsinteresser som installasjonen medfører. Dispensasjon bør derfor gjevast, på dei vilkår som er praktisk gjennomførbare for å redusere risikoen for diesel-/ oljeutslepp.*

*Vurdering etter dei miljørettslege prinsipp i naturmangfoldlova § 8-12:*

*§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er tilfredstillande som grunnlag for behandling av søknaden. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med utvalde eller verdifulle naturtypar.*

*§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning: Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang, men medfører ein del ekstra helikoptertrafikk i samband med dieseltransport og vedlikehald av utstyret. Konsekvensane synest likevel å vera akseptable vurdert i forhold til samla belasting.*

*§ 11 Kostnader ved redusert miljøkvalitet:*

*Utbyggar må bere kostnadene med nødvendige tiltak for sikring av miljøet.*

*§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder:*

*Tiltaket medfører lagring av diesel i eit sårbart høgfjellsområde. Diesellageret er planlagt som tank med dobbel vegg, og eit spilltrau for å hindre lekkasje til grunn og vassdrag. Det blir sett vilkår om at spilltrauet har kapasitet til å romme all diesel og olje i tank/ aggregat. Aggregatet har tilfredstillande lyddemping. Alt bygningsavfall vil bli fjerna og kildesortert.*

*Det går fram av søknaden at miljøomsyn i byggeperioden vil bli godt ivaretake.»*

## Vurdering etter verneforskrift

Ved eventuell justering av plassering for å ivareta omsyn til drikkevatn må søknaden vurderast ut fra verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1 første ledd: «*Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep.*»

Det er ingen spesifisert heimel for dispensasjon i verneforskrifta for denne typen installasjonar. Den krev derfor behandling etter naturmangfaldlova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slike tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

Miljøverndepartementet har i brev av 14.11.12 kome med eigne retningslinjer for behandling av søknader om bygging av basestasjonar for det nye nødnettet i verneområda. Retningslinjene tek opp ein del generelle forhold knytt til kva naturmangfaldlova seier om behandling av dispensasjonar. Spesielt er det nemnd i retningslinene kva Stortinget har sagt i behandling av St.prp.100 S (2010–2011):

*«Det skal ikke bygges nye basestasjoner eller master i nasjonalparkene, med unntak for mindre masteforhøyelser på eventuelt eksisterende stasjoner/ master for å få plass til å henge opp nødnettantennen. Dersom hensynet til liv og helse tilsier bygging av nye basestasjoner i nasjonalparker må dette likevel konkret vurderes i noen få enkelttilfeller. Så langt det er mulig skal man søke å unngå plassering av nye basestasjoner eller master i andre verneområder, inngrepsfrie områder og andre verdifulle naturområder.»*


Miljøverndepartementet skriv vidare om formuleringa i St.prp.100 S (2010–2011):

*«Denne føringen, samt en streng vurdering av nødvendighetskriteriet i lovens § 48, gjør at skjønnsrommet samlet sett i denne typen saker blir forholdsvis lite. Men forvaltningsmyndigheten skal med grunnlag i tilgjengelig kunnskap om*

*prosjektet og kunnskap om effekter på verneverdiene, vurdere om en dispensasjon bør gis.»*

Miljøverndepartementet peikar også på at det etter naturmangfoldlova § 48 første ledd er eit absolutt vilkår for dispensasjon at «nødvendighetskriteriet» er oppfylt. I denne delen av Jotunheimen er det mykje ferdsel i samband med utøving av friluftsliv og guida turar i regi av reiselivsbedrifter/aktivitetsfirma. Aktuelle hendingar kan vera t.d. søk etter sakna personar, behov for hjelp ved ulykker/personskader eller alvorleg akutt sjukdom, m.m. Bygging av basestasjon vil såleis betre samfunnsikkerheita i området. Alternative lokalitetar er vurdert.

Utbyggjar har vald ein lokalitet nær andre tekniske installasjonar (sommarskisenteret), og ei justering slik Lom kommune ber om endrar i liten grad verknaden på landskapet. Bygging av basestasjonen heilt i utkanten av nasjonalparken må derfor vurderast å ha relativt små konsekvensar for verneverdiene samanlikna med konsekvensar av å leggje stasjonen rett utanom parken, der ein kan sjå ein potensiell fare for ureining av drikkevatnet.



Arkivsaksnr: 2013/4143-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	29/2013	26.06.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Brune skilt til nasjonalparken****Forvaltar si innstilling**

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til initiativ frå Rådet for Nasjonalparkkommunane og Nasjonalparkriket Reiseliv sitt forslag til skilting til nasjonalparkane i Gudbrandsdalen, og ber Statens Vegvesen om å gjennomføre tilsvarende skilting til Jotunheimen nasjonalpark frå alle hovudvegane, slik det er gjort eit par plassar frå Fv 51 i Sjodalen.
2. Sekretariatet får i oppdrag å følgje opp saka overfor Statens vegvesen.

**Saksopplysningar**

Både sekretariatet for Nasjonalparkkommunene v/ Bjørg Åseng Vole og Nasjonalparkriket Reiseliv har arbeidd for å få brune severdigheitsskilt mot nasjonalparkane i Nord-Gudbrandsdalen, og nasjonalparkstyrta i Rondane-Dovre og Dovrefjell er oppmoda om oppfølging overfor Statens Vegvesen.

I eit notatet blir det m.a. vist til følgjande:

*«Det har lenge vært ønskelig å få til god skilting til innfallsportene til nasjonalparkene fra våre hovedfartsårer. Det er videre ønskelig at den veifarende skal få mer informasjon om nasjonalparkene der de stopper og således skal skiltene knyttes opp mot etablerte infopunkter. Dett er en viktig del av merkevarebyggingen rundt vår region som et nasjonalparkrike. I dag kan den reisende kjøre gjennom hele vår region uten å vite eller oppdage at det passerer flere nasjonalparker. Ved å bevisstgjøre den reisende ved skilting oppnår vi både at det letter fremkommeligheten samtidig som vi bygger våre nasjonalparker enda sterkere som merkenavn.»*

## Vurdering

Det er skilta til Jotunheimen nasjonalpark frå Fv 51 mot parkeringsplassen på nasjonalparkgrensa ved vegen til Glitterheim, men skiltinga er ikkje fullført rundt heile parken. Det er viktig med einsarta skilting for heile området.

Også kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har lenge arbeidd for å sjå korleis nasjonalparkane kan brukast i profileringa av regionen, og gjennom Rådet for nasjonalparkkommunane er det etablert eit eige nettverk for å utvikle statusen som nasjonalparkkommune til ein merkevare med felles innhald. Samarbeidet skal omfatte fellestiltak som kvalitetskriterier, skilting, grafisk profil, og felles innspel overfor sentrale styresmakter m.a. når det gjeld skilting langs hovudveg. Regionkontoret for Nord-Gudbrandsdal er sekretariat for *Rådet for nasjonalparkkommunene*, og spørsmålet om skilting er diskutert med prosjektansvarleg Bjørg Aaseng Vole. Dei har hatt møte med Statens Vegvesen om skilting, der markeringsskilt for nasjonalparkkommunane og brune severdighetsskilt til nasjonalparkane har vore diskutert.

Det er nasjonalparkstyra som vernemyndigkeit som må gje innspel til Statens Vegvesen om korleis skiltinga til nasjonalparkane bør gjennomførast. Brune skilt til nasjonalparkane har lenge vore diskutert, og blant anna i Nord-Trøndelag og Nordland er det gjennomført skilting til de store verneområda frå E6 med brune skilt påført namn på verneområdet og nasjonalparksymbol ved sentrale sidevegar/avkjøringar frå hovudvegen. Slik skilting vil vera med og markere områda som interessante for besökande som etterspør naturopplevelingar, men også for bilturister som berre ønskjer å sjå nasjonalparkane på avstand – og kanskje ta en liten stopp der det blir tilrettelagt for informasjon og kanskje en liten spasertur i randsonen eller i verneområdet der forholda innbyr til det. Det har frå enkelte vore uttrykt skepsis til å skilte til nasjonalparkane pga slitasje eller uroing, men skilt langs hovudvegane vil nok i svært liten grad bidra til impulsbesøk inn i verneområda. Jotunheimen er blant områda som toler ferdsel, og ein kan få til kanalisering og styring av trafikken gjennom god skilting og tilrettelegging.

Nasjonalparkstyret bør derfor ta initiativ til å få skilta til nasjonalparken på ein heilskapleg og god måte mot dei mest sentrale innfallsportane.

Samtale med skiltansvarlig for Gudbrandsdalen i Statens Vegvesen viser at det er ein del formelle føringar som må følgjast når det gjeld skilting. Det er to ulike hovudmåtar å skilte på:

- Inn til nasjonalparken der ein kan kjøre nær opp mot grensa: *Jotunheimen nasjonalpark*
- Skilting til utgangspunkt for tur inn i nasjonalparken, der ein brukar det aktuelle destinasjonsnamnet saman med nasjonalparksymbolen på brun bakgrunn.

Det er også plassar med så stort skiltbehov/-ønskje, at ein må gje prioriteringar. Det er faste prioriteteringsrekkefølgjer ut frå type skilt, og den hierarkiske oppbygginga er slik at gult skilt (stedsnamn) skal vera øverst, deretter kvitt (bedrift, symbol) og brunt (severdighet, f.eks. nasjonalpark). Eksempel:



Gult: Stadnamn

Kvitt: symbol for seng, evt hotellnamn

Brunt: symbol – Jotunheimen

Det er vanskeleg å konkludere med alle detaljar om plassering og utforming før ein får avklara med Statens Vegvesen korleis nasjonalparkstyret sine ønskje best kan løysast. Ein foreslår derfor at det blir stadfesta eit overordna ønskje om skilting, som blir sendt Statens Vegvesen. Konkrete forslag kan leggjast fram for styret for ny godkjenning, eller det kan delegerast til AU å vedta detaljavklaringer. Dette må skje i dialog med aktuelle kommunar og reiselivslag.

I første omgang må ein få kartlagt moglegheiter og gå gjennom kvar ein ønskjer skilt.